

SLIK KONTROLLERER DU MOTTEKE FAKTASKJEMA

1 Opplysningar om eigar og adressa til eigedomen vert henta frå det nasjonale eigedomsregisteret (Matrikkelen). Sjølv om fleire står som eigarar vert informasjonen sendt til ein eigarrepresentant. Sjekk at riktig eigarrepresentant står oppført og at adressa til mottakar er riktig. Kontroller og at tal bueiningar som er godkjent av bygningsmyndighetene stemmer.

2 Tomtearealet. Dersom det ikkje er oppgjeve areal for din eigedom, er det ikkje registrert grenser for eigedomen. Vi vil fram til dokumentasjon av dette ligg føre eller til tomta vert oppmålt setje eit mellombels areal til 1 da (1000 m²). (Sjå pkt. 5)

3 Bygningstype og bruk av bygning. Er det samsvar mellom oppgjeve bygningstype og faktisk bruk ?

4 Etasjetype og areal. I denne kontrollen lyt du både kontrollere at etasjetyper for dei ulike etasjane i bygninga har rett betegnelse, og at arealet som er utrekna for dei ulike etasjane er rett.

NS 3940 er standarden som nyttast ved registrering av bygningar i eigedomsregisteret. I standarden er det spesielle reglar for loft og kjellaretasje. For detaljar sjå www.Statkart.no

For arealberekning av bygningar vert bruksareal (BRA) nytta. Dette er alt areal innanfor yttervegg. For etasje med skråtak gjeld spesielle reglar.

Bygning som er fritatt står og oppført Dersom det står oppført bygning utan areal oppgjeve, er denne fritatt for eigedomsskatt. Dette gjeld t.d bygning med bruttoareal under 15 m² eller driftsbygning i landbruket.

Loft eller hovudetasje? Folk flest kallar ein etasje med skråtak for loft. For å bestemme om det er loft eller hovudetasje måler du høgda 1,9 meter frå golvet til der du treff skråtaket. Gjer tilsvarende på den andre sida. Mål så avstanden mellom desse punkta (sjå figurar):

Loft: Er avstanden mellom 0,6 meter og 1,9 meter er det eit loft.

Hovudetasje: Avstanden er større enn 1,9 meter.

Ikkje måleverdig: Dersom avstanden er mindre enn 0,6 m, skal arealet ikkje reknast med

For utrekning av arealet for (lofts)etasjen legg ein til 0,6 meter på kvar side og gangar med lengda på huset. Dersom det er ark eller takopplett på bygninga lyt dette reknast ut på tilsvarende måte og leggjast til.


Kjellar, underetasje eller hovudetasje ? Det er i hovudsak avstanden mellom himlingen (taket) i etasjen og gjennomsnittet av terrenghøgda rundt bygninga som avgjer om etasjen vert definert som kjellar, underetasje eller hovudetasje (sjå figurar under).

Kjellar: Avstand mindre enn 0,75 meter.

Underetasje: Avstand mellom 0,75 og 1,5 m.

Hovudetasje: Avstand meir enn 1,5 meter.

Ikkje måleverdig: Romhøgda i kjellaretasjen er mindre enn 1,9 meter.



5 Korreksjonsprotokoll

Garasje/naust i underetasje eller som anna del av bustad

Garasje/naust som er del av bustadbygning (t.d garasje i underetasje) vert rekna med i bruksarealet for bustadbygningen. Arealet for denne vert gjeven ein korreksjonsprotokoll slik at dette arealet får same verdi som frittstående garasje/naust.

Bustad i anna bygning.

Dersom vi har funne at det er bustaddel i anna bygning, (t.d bustaddel i loft i garasje, naust, uthus), vert det laga til korreksjon som gjev dette arealet verdi som for bustad.

Areal av tomt.

Dersom arealet av tomten ikkje er kjend, men grensene er vist i kart vert det gjort ei berekning av areal ut i frå dette. Dersom grensene og dermed storleiken for tomta er ukjend, (vist i kart som ein åttekant) vert det sett eit tomteareal på 1 da (1000 m²) mellombels, fram til dokumentasjon for arealet ligg føre eller tomta vert oppmålt.

For våningshus på landbrukseigedom vert tomtearealet sett til 1 da.

EKSEMPEL PÅ FAKTASKJEMA

Utskriftsdato: 17.12.2008

OPPLYSNINGAR - EIGAR/FESTAR/KONTAKTPERSON

1 Olsen Olav
5966 Eivindvik

Avtale nr.: 30197
Eigedom: 15/82/0/0
Eiged.adr: 0
Eigarforhold Eigd
Tal.bueining: 2

OPPLYSNINGAR - TOMT (INKL. TILLEGGSPARSELLAR OG FELLEAREAL)

2

Gardsnr	Bruksnr	Festenr	Seksj.nr	Areal (m ²)	Del av eigedom
15	82	0	0	0	1 / 1

OPPLYSNINGAR - BYGG

3 Enebolig m/hybel/sokkelleil. Bid: 176744820 Status: Tatt i bruk 14.10.1975 Del av bygg: 1 / 1

4

Etasjetype	Etasjenr	Areal (BRA)
Underetasje	1	147
Hovedetasje	1	125

3 Garasje, uthus anneks til bolig Bid: 176744839 Status: Tatt i bruk 01.10.2002 Del av bygg: 1 / 1

4

Etasjetype	Etasjenr	Areal (BRA)
Hovedetasje	1	22

Dersom det ikkje står areal her, er bygningen fritatt for eigedomsskatt. Dette gjeld t.d bygning med bruttoareal under 15 m² eller driftsbygning i landbruket.

OPPLYSNINGAR - BYGNINGER IKKE MELDT TATT I BRUK

Bygningsnummer	Areal(BRA)	Type	Status
----------------	------------	------	--------

OPPLYSNINGAR - KORREKSJONS PROTOKOLL

5

Undergruppe	Nummer	Tal	Enhet
Garasje i underetasje	176744820.0	42,3	m ²
Heilårsbustad	15.82.0.0	2041,6	m ²